

Sjå høyringsliste

HØYRING AV UTKAST TIL ENDRING AV FORSKRIFT OM VERN AV PRODUKTNEMNINGA *HARDANGEREPL* SOM GEOGRAFISK NEMNING

På vegner av Mattilsynet sender Stiftelsen Norsk Mat med dette utkast til endring av forskrift 25.08.2006 nr 996 ut på høyring, jf lov av 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker § 37.

Ein førespurnad om endring av forskrifta for vern av produktnemninga *Hardangereple* blei sett fram av rettmessig brukar 30. januar 2019. Bakgrunnen for ønsket om endring er at produsentane har erfart at krava i produktforskrifta til dels er for detaljerte og ikkje i tråd med dagens praksis blant produsentar. Dei ønskjer også å få høve til å bruke namnet «Eple frå Hardanger» og begge målformer.

I samsvar med forskrift 5. juni 2002 nr. 698 § 16 om vern av opphavsnemningar, geografiske nemningar og nemningar for tradisjonelt særpreg på næringsmiddel (forskrift om verna nemningar) kan rettmessig brukar søkje om å få gjort endringar i ei vedteken produktforskrift.

Forskrift om verna nemningar § 16 Endring av produktforskrift

I samsvar med § 16 kan det søkjast om endring av ei produktforskrift «*dersom teknikk og vitenskap endres eller det reiser seg behov for å omdefinere et geografisk område*». Ut frå ordlyden kan det sjå ut som det berre er høve til å endre områda som er oppgitte i føresegna.

Det norske regelverket skal i prinsippet svare til EU-regelverket på området. Når det gjeld endringar i ei produktforskrift, opnar EU-forordninga (Regulation No 1151/2012 art 53) og EUs praksis for andre endringar enn på områda vitskap, teknikk og geografisk område. Ved praktisering av det norske regelverket for vern av produktnemningar skal ein følgje praksisen til EU, og det gjeld også på dette området.

Stiftelsen Norsk Mat legg til grunn at det er mogleg å gjere endringar i ei vedteken produktforskrift også på andre område enn dei som går fram av sjølve ordlyden i § 16.

Endringar i forskrifta

Tittel

Tittelen på forskrifta endrast til *Forskrift om vern av Hardangereple/Eple frå Hardanger/Hardangerepler/Epler fra Hardanger som geografisk nemning*, sjå nedanfor.

Produktforskrifta sin § 1 Verna produktnemning

Produktforskrifta sin § 1 utvidast til òg å omfatte *Eple frå Hardanger* samt moglegheit til å bruke produktnamna på bokmål. I heile produktforskrifta endrast produktnamnet frå *Hardangereple* til *Hardangereple/Eple frå Hardanger/Hardangerepler/Epler fra Hardanger*. Dette inneber at produsentane kan velje kva for ei nemning dei ønskjer å bruke.

Grossist – og omsetningsleddet – styrer korleis emballasjen skal vere i butikk. For frukt har dei ein felles profil, m.a. på korleis namna skal skrivast. I enkelte kjeder skal namnet skrivast «Epler fra Hardanger/ Epler fra Telemark/Epler fra Lier etc». I praksis betyr dette at det verna namnet er ei hindring for å få *Hardangereple* ut på marknaden.

Produktnamnet “Eple frå Hardanger” har vore brukt i lang tid og er eit namn som er innarbeidd hos forbrukar. For produsentane vil ei slik endring bety ein moglegheit for auka sal (volum) og høgare pris. Ei utviding av

produktnamnet vil dermed vere i tråd med merkeordninga sitt formål om auka verdiskaping. Det same gjeld for moglegheita til å bruke begge målformar avhengig av kor i landet produktet seljast.

Praksis frå EU viser at vern av to eller fleire nemningar ikkje er uvanleg, og blir verna når nemninga til produktet er kjent under fleire namn, eller dersom dei har ulike skrivemåtar på ulike språk/dialektar som er brukt i det aktuelle geografiske området. I og med at vi skal følgje EU si praktisering av regelverket for verna nemningar, har dette òg vore tidlegare praktisert i Noreg.

Nye epleprodusentar kan få bruke både *Hardangereple* og *Eple frå Hardanger både på nynorsk og bokmål* ved å melde seg inn i samanslutninga. Alternativt er det mogleg å søkje Mattilsynet om å bli rettmessig brukar av det verna namnet *Hardangereple/Eple frå Hardanger/Hardangerepler/Epler frå Hardanger* jf. Forskrift om verna nemningar § 22.

Produktforskrifta sin § 3 nr. 1 Produktbeskriving

Eplesortar

Produktforskrifta sin § 3 nr. 1 endrast til òg å omfatte «andre eplesortar» med tilhørande krav til storleik, dekkfarge, oppløyst tørrstoff og trykkfastleik. Sortane Gravenstein og Linda fjernast frå forskrifta.

I produktforskrifta § 3 nr. 1 i den gjeldande produktforskrifta er namnet *Hardangereple* avgrensa til bruk av spesifikke angitte sortar: «*eple (Malus x domestica) dyrka i Hardanger av sortane Aroma, Discovery, Elstar, Gravenstein, Karin Schneider, Kronprins, Linda, Raud Aroma, Raud Gravenstein, Raud Prins, Summerred, Sunrise og Vista Bella*». Det er i tillegg laga ein tabell med krav til storleik, dekkfarge og oppløyst tørrstoff (refraktometerverdi).

Vernet av *Hardangereple* blei vedteke allereie i 2006. Då tok ein utgangspunkt i dei vanlegaste eplesortane som blei dyrka i Hardanger. Produktforskrifta utvidast til òg å omfatte «andre sortar» med definerte krav til storleik, dekkfarge, oppløyst tørrstoff og trykkfastleik ved uttransport frå fruktlager. På denne måten kan ein ved tilsyn kontrollere faktorar som har betydning for kvaliteten.

Det skjer ei kontinuerleg utvikling av nye sortar som kan ha dyrkingsverdi i Hardanger. Forbrukarpreferansane endrar seg over tid, og det er viktig å kunne tilby nye sortar eller sortar som det blir dyrka lite av i dag, og som har ein attraktiv produktkvalitet for forbrukar. Dette handlar om å vere konkurransedyktig på marknaden. Det er mogleg å søkje om endringar av produktforskrifta, men dette er ressurskrevjande både økonomisk og tidsmessig. Med minstekrav til storleik, dekkfarge, oppløyst tørrstoff og trykkfastleik blir kvaliteten sikra på epla og tilsyns- og kontrolltekniske omsyn blir vareteke.

Sortane Gravenstein og Linda takast ut av forskrifta, fordi dette er sortar som dyrkast i svært liten grad og evt. kan kome under «andre sortar» dersom produksjonen endrar seg fram i tid.

Dyrkingsforholda kan ikkje overstyre sortseigenskapane, men har vesentleg betydning for sluttkvaliteten på epla. Sortseigenskapane på sortane som i dag er omfatta av produktforskrifta, er forskjellige og er med på å gi eit mangfaldig epleutval. Sortar som i dag dyrkast i lite omfang, og eventuelle nye sortar, vil òg ha ulike sortseigenskapar, og ikkje alle vil vere eigna for dyrking i Hardanger. Sortar som ikkje eignar seg, vil ikkje kunne tilfredsstille krava til kvalitet gitt for «andre sortar» jf utkast til ny tabell (storleik, dekkfarge, oppløyst tørrstoff og trykkfastleik).

Det er grundig dokumentert at Hardanger har svært gunstige dyrkingsforhold, og at det over lang tid er opparbeidd høg kunnskap om epledyrking. Det er difor ingen tvil om at det vil finnast ein klar samanheng mellom epla sin særegne kvalitet og eigenskapar og det geografiske opphavet, uavhengig av eplesort. Kravet i forskrift om verna nemningar § 7 nr. 3 om tilknytning mellom den særegne kvaliteten og eigenskapane til produktet og geografisk dyrkingsområde er oppfylt, uavhengig av eplesort.

Produktkrava i tabellen

Krava til storleik, dekkfarge og oppløyst tørrstoff (Refraktometerverdi) i tabell 1 i produktforskrifta sin § 3 nr. 1 endrast.

Eple vil variere i storleik, dekkfarge, innhald i oppløyst tørrstoff og trykkfastleik frå år til år. Ei endring vil sikre at produsentane har Hardangereple å tilby forbrukarane i alle år, og i samsvar med dei krava marknaden stiller.

Slik krava er utforma no, vil det vere enkelte år kor minimalt av produksjonen kan seljast som *Hardangereple* mens dei fleste epla fell utanfor, sjølv om dette er eple med særskild god kvalitet. Krava endrast, men epla skal framleis vere sortstypisk utvikla før hausting med velutvikla farge, storleik og oppløyst tørrstoff. Endringane har lita betyding for kvaliteten, og fører ikkje til at epla skal plukkast før dei er haustemodne.

Kravet til dekkfargen for «andre sortar» fastsetjast til 20 %–30 %. Det er store individuelle variasjonar mellom ulike sortar (frå 0 på gule sortar til 50 %). God fargeutvikling skyldast eit samspel mellom svart, behovstilpassa gjødsling og vanning, viktige dyrkingsinngrep, høg lysinnstråling på dagtid og kjølige netter fram mot hausting. Dyrkingsforhold og høg fagkunnskap vil derfor sikre ei god fargeutvikling uansett eplesort, men det skal likevel vere eit minimumskrav til dekkfarge for «andre sortar». Det vil bli sett meir spesifikke krav til dekkfarge for nye sortar i kvalitetssystemet til produsentane dersom det vurderast å vere riktig. Gule sortar har ikkje såkalla dekkfarge, og det blir difor foreslått ein eigen kolonne for gule sortar med krav til oppløyst tørrstoff og trykkfastleik, men ikkje dekkfarge.

Produktforskrifta sin § 3 nr 2 Geografisk område

Namnet på kommunar og kommunestruktur er i endring og kan ikkje beskrive eit geografisk område aleine.

Granvin kommune blei i 2020 slått saman med Voss, noko som gjer det vanskeleg å tolke kva som er det geografiske området Hardanger. Definisjonen endrast slik at den er i tråd med definisjonen i Store Norske leksikon og gamle nemningar og oppfatning av det geografiske området Hardanger.

Hardanger definerast som *“området rundt dei indre delane av Hardangerfjorden, rekna frå dei sørligste grensene til kommunane Kvam og Ullensvang og inkludert fjordarmene Granvinsfjorden, Osaffjorden med Ulvikpollen, Eidfjorden med Simadalsfjorden og Sørfjorden»*.

Produktforskrifta sin § 3 nr 3 Produksjonsmetode

Planting og dyrking, 1. og 2. avsnitt

Gjeldande krav til planting og dyrking er svært detaljerte. Ny ordlyd forenklast og tilpassast praktisk dyrking utan at det går ut over kvaliteten på epla. Det skjer ei kontinuerleg utvikling i dyrkingspraksis, og formålet med endringane er å fange opp litt ulik praksis hos dyrkarane, samtidig som produktkvaliteten er vareteke. Det er òg viktig at ordlyden tar høgde for eventuelle framtidige mindre endringar utan at ein treng å endre produktforskrifta på nytt.

Ordlyden endras til: *Hardangereple/Eple frå Hardanger/Hardangerepler/Epler fra Hardanger skal dyrkast etter moderne produksjonsmetodar. Epletrea skal plantast og formast på ein måte som sikrar gode lysforhold i alle delar av trea.*

Epletrea skal plantast på jord som er veldrenert, porøs, kalka og grunnkjødselsladd før utplanting. Trea skal ha støttesystem.

Trea skal handtynnast ved behov, eventuelt i kombinasjon med bruk av kjemiske tynningsmiddel. Plantevern skal gjennomførast etter prinsippet om integrert plantevern. Det skal vatnast etter behov og kalkast og gjødselast planmessig.

Kvalitetskontroll, lagring og pakking

Ordlyden endrast til: *«Ved mottak på lager skal det vere kvalitetskontroll ved bruk av anerkjende målemetodar. Epla skal kjølast langsamt ned til riktig temperatur og lagrast ved riktig luftfukt.»*

Kravet om at det skal takast prøver av epla ved mottak på lager, stillast for å styrke kontrollen av kvaliteten på epla. Lagringstemperaturen blir ikkje angitt spesifikt fordi synet på kva som er riktig temperatur, endrast over tid. Luftfukt under lagring er òg viktig for kvaliteten på epla.

Vidare tilføyast det at *“Epla skal ha ein jamn modningsgrad, og framleis ha god haldbarheit ved transport frå fruktlager”*. Vurdering av *“god haldbarheit ved transport frå fruktlager”* gjerast av kompetente fok på fruktlageret. Dette skal sikre produktkvaliteten til forbrukar.

Merking av epla er fjerna fordi dette er krav gitt i det alminnelege regelverket for merking av frukt og grønt.

Produktforskrifta sin § 3 nr 4 Merking av produktet

Logoen for verna geografisk nemning skal kunne brukast på både nynorsk og bokmål i tråd med produktnamnet skal kunne brukast både på nynorsk og bokmål.

Konsekvensar av ei eventuell endring i forskrift om vern av *Hardangereple*

Dersom endringane blir vedteke, må alle rettmessige brukarar av produktnemninga følgje den nye produktforskrifta sine avgjerder.

Utkast til endring av produktforskrift

Utkast til endring av forskrift for vern av *Hardangereple* er gitt med heimel i § 16 i forskrift om verna nemningar.

Høyringsbrev m/høyringsliste og utkast til endra produktforskrift er òg lagt ut på internettsida www.beskyttedebetegnelser.no

Høyringsfrist

Frist for innsending av innvendingar mot forskrift om vern av *Hardangereple/Eple frå Hardanger/Hardangerepler/Epler fra Hardanger* er sett til 6. juni 2023.

Med venleg helsing

For Stiftelsen Norsk Mat

Nina Wærnes Hegdahl
Fagsjef lokalmat/advokat

Gunnhild Aasgård Kristianslund
Seniorrådgivar

Vedlegg:

Høyringsliste

Utkast til forskrift om endring av forskrift om vern av produktnemninga *Hardangereple* som geografisk nemning

Høringsliste

Forbrukertilsynet
Forbrukerrådet
Norsk Gartnerforbund
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Innlandet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal
Statsforvalteren i Nordland
Statsforvalteren i Oslo og Viken
Statsforvalteren i Rogaland
Statsforvalteren i Trøndelag
Statsforvalteren i Troms og Finnmark
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Vestland
Statsforvalteren i Nordland
HANEN
Innovasjon Norge
Kompetansenavet Vest, Sogn Jord- og Hagebruksskule
NHO Mat og Drikke
NIBIO
Nofima
Norges Bondelag
Norsk Bygdekvinnelag
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk Landbrukssamvirke
NMBU
Patentstyret

Utkast til forskrift om endring av forskrift om vern av produktnemninga Hardangereple som geografisk nemning

Hjemmel: Fastsett av Mattilsynet (**dato**) med heimel i forskrift 5. juli 2002 nr. 698 om beskyttelse av opprinnelsesbetegnelse, geografiske betegnelse og betegnelse for tradisjonelt særpreg på næringsmidler § 15 og lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) § 30, jf. delegeringsvedtak 19. desember 2003 nr. 1790.

I

I forskrift 25. august 2006 nr. 996 om vern av produktnemninga Hardangereple som beskytta geografisk nemning gjer ein desse endringane:

Tittelen på forskrifta skal lyde:

Forskrift om vern av *Hardangereple / Eple får Hardanger / Hardangerepler / Epler fra Hardanger som geografisk nemning*.

§ 1 skal lyde:

§ 1 Beskytta produktnemning

Hardangereple / Eple får Hardanger / Hardangerepler / Epler fra Hardanger.

§ 3 skal lyde:

§ 3 Vilkår for bruk av produktnemninga

1. Produktbeskriving

Hardangereple / Eple får Hardanger / Hardangerepler / Epler fra Hardanger er eple dyrka i *Hardanger*.

Hardangereple/Eple frå Hardanger/Hadangerepler/Epler fra Hardanger skal ha dei spesielle eigenskapane som er karakteristiske for den enkelte sorten når det gjeld storleik, form, farge og smak, og *tilfredsstillende minimumskrav* til storleik, dekkfarge, refraktometerverdi og trykkfastleik i tabell 1.

Hardangereple skal vera feilfrie og ikkje ha skadar etter insektangrep eller *skjemmande merke*. *Hardangereple skal ha stilk*.

Tabell 1: Produktkrav (minimumskrav) *Hardangereple / Eple får Hardanger / Hardangerepler / Epler fra Hardanger*

<i>Eplesort</i>	<i>Diameter (mm)</i>	<i>Dekkfarge (%)</i>	<i>Refraktometerverdi (%)</i>	<i>Trykkfastleik (kg/cm²)</i>
<i>Aroma</i>	62	10 -30	10,8	5
<i>Discovery</i>	62	30	10,8	5
<i>Elstar</i>	62	20	10,8	5
<i>Karin Schneider</i>	62	50	10,8	5
<i>Kronprins</i>	62	30	10,5-10,8	5
<i>Raud Aroma</i>	62	30	10,8	5
<i>Raud Gravenstein</i>	62	30	10,8	5
<i>Raud Prins</i>	62	50	10,5-10,8	5
<i>Summerred</i>	62	50	10,5	5

<i>Sunrise</i>	62	40	10,8	5
<i>Vista Bella</i>	62	20-30	10,5-10,8	5
<i>Andre sortar</i>	62	20-30	10,8	5
<i>Gule sortar</i>	62	0	10,8	5

2. Geografisk område

Hardangereple / Eple frå Hardanger / Hardangerepler / Epler fra Hardanger skal dyrkast, sorterast og pakkast i Hardanger. Hardanger er her definert som områda rundt dei indre delane av Hardangerfjorden, rekna frå dei sørlegaste grensene til kommunane Kvam og Ullensvang og inkludert fjordarmane Granvinsfjorden, Osafjorden med Ulvikpollen, Eidfjorden med Simadalsfjorden og Sørfjorden.

3. Produksjonsmetode

Hardangereple/Eple frå Hardanger/Hardangerepler/Epler fra Hardanger skal dyrkast etter moderne produksjonsmetodar. Epletrea skal plantast og formast på ein måte som sikrar gode lysforhold i alle delar av trea.

Epletrea skal plantast på jord som er veldrenert, porøs, kalka og grunnmjødsla før utplanting. Trea skal ha støttesystem.

Trea skal handtynnast ved behov, eventuelt i kombinasjon med bruk av kjemiske tynningsmiddel. Plantevern skal gjennomførast etter prinsippet om integrert plantevern. Det skal vatnast etter behov og kalkast og gjødslast planmessig.

Prognose for første haustedato skal fastsetjast av uavhengige fagfolk i samarbeid med fruktlageret på bakgrunn av analysar av refraktometerverdi og trykkfastleik i 10 eple frå ca. 60 felt i heile Hardanger. Slik haustetidspunktprøve skal gjerast omlag 1–2 veker før normal haustetid.

Epla skal handterast så varsamt som mogleg under hausting, transport og lagring. Ved mottak på lager skal kvaliteten på epla kontrollerast ved bruk av anerkjende målemetodar. Epla skal kjølast langsamt til rett temperatur og lagrast ved rett luftråme.

Hardangereple / Eple frå Hardanger / Hardangerepler / Epler fra Hardanger skal tilfredsstillast produktkrava i tabell 1. Epla skal ha jamn modningsgrad, og fortsatt ha god haldbarheit ved transport frå fruktlageret.

4. Merking av produktet

Hardangereple / Eple frå Hardanger / Hardangerepler / Epler fra Hardanger kan merkjast med figurmerket for beskytta geografisk nemning / beskyttet geografisk betegnelse.

II

Endringane i punkt I ovanfor trer i kraft straks.